# Årsrapport 2008

## Fylkesmannen i Møre og Romsdal

# Innhold


**Kapittel 1 - Om embetet** Side 3
**Kapittel 2 - Sentrale politiske føringar** Side 4
**Kapittel 3 - Resultatområder** Side 9
Kongehuset Side 9
Miljøverndepartementet Side 9
Landbruks- og matdepartementet Side 13
Kunnskapsdepartementet Side 16
Barne- og likestillingsdepartementet Side 24
Justis- og politidepartementet Side 27
Kommunal- og regionaldepartementet Side 31
Arbeids- og inkluderingsdepartementet Side 34
Helse- og omsorgsdepartementet Side 36
Statens Helsetilsyn Side 43
Samferdselsdepartementet Side 46
Utenriksdepartementet Side 46
Kultur- og kirkedepartementet Side 46
Fornyings- og administrasjonsdepartementet Side 47

Embete:

Denne årsrapporten er ei tilbakemelding til Fornyings- og administrasjonsdepartementet på tildelingsbrevet for 2008 og embetsoppdraga frå dei ulike departement og direktorat.

Fordi vi framleis er i Einskapsfylkeforsøket, leverer vi to rapportar frå Møre og Romsdal. All ressursrapportering har vi samla i rapporten til Møre og Romsdal fylke. Då administrasjonssjefen er fylkeskommunal tilsett, har vi ikkje lagt inn ressursar i den stillinga, jf pkt 1.2.2.

Fylkesmannen er framleis uroleg for kraftsituasjonen i Møre og Romsdal. På lengre sikt er det nødvendig å få til auka kraftproduksjon lokalt, men kravet til oppgradering og styrking av nettkapasiteten er og nødvendig. Ny 420kV-linje Fardal-Giskemo er det viktigaste beredskapstiltaket for å hindre utfall og samanbrot i kraftforsyninga og må kome snarast.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har gjennomført 1 statsborgarseremoni med 31% oppmøte og vi er av dei fylka med høgst deltakingsprosent. Dersom vi skulle gjennomført 2seremoniar i 2008 ville ikke bevilgninga vere stor nok. I 2007 brukte vi 10.000 av eigne midlar for å gjennomføre 2 seremoniar. Vi har mellom anna derfor vedteke å arrangere ein seremoni i 2009.

# Kapittel 1 - Om embetet

## 1.1 Tilstanden i embetet og fylket – generelt

## 1.2 Rapportering på ressursbruk

På bakgrunn av forsøket med einskapsfylke i Møre og Romsdal der de ansatte er knytta til fylkesdirektørens styringslinje er ressursrapporteringa tatt med i rapporten frå Møre og Romsdal fylke.

### 1.2.1 Embetet som helhet

| Departement | FMMR | | Sum | |
|---|---|---|---|---|
| | **1510** | **Fagdep.** | **1510** | **Fagdep.** |
| Administrasjon | 0 | | 0 | 0 |
| Embetsledelse | 90 | | 90 | 0 |
| Sum: | 90 | 0 | 90 | 0 |

### 1.2.2 Det administrative området

| Område | FMMR | | Sum | |
|---|---|---|---|---|
| | **1510** | **Fagdep.** | **1510** | **Fagdep.** |
| Embetsledelse (FM og ass. FM) | 90 | | 90 | 0 |
| Administrativ ledelse (adm sjef el. tilsvarende) | 0 | | 0 | 0 |
| Arkiv | 0 | | 0 | 0 |
| Regnskap og lønn | 0 | | 0 | 0 |
| Personal | 0 | | 0 | 0 |
| IKT | 0 | | 0 | 0 |
| Informasjon | 0 | | 0 | 0 |
| Ekspedisjon/forværelse | 0 | | 0 | 0 |
| Statens hus (vaktmester, kantinge, sentralbord, renhold mm) | | | 0 | 0 |
| Landsdekkende oppgaver på administrativt område | | | 0 | 0 |
| Sum: | 90 | 0 | 90 | 0 |

## 1.3 Andre forhold

# Kapittel 2 - Sentrale politiske føringar

## 2.1 Generelle samordningsoppgåver. Fornying av offentleg sektor

Samordning av statlige styringssigmal er i 2008 gjort på fleire ulike måtar. Den daglege donten med telefonhenvendelser er kanskje den viktigaste. Vi driv utstrakt råd og rettleiing på telefon. Vi har besøkt fleire kommunar der vi har drevet folkevalgtopplæring. Dette er i tillegg til orientering om saksbehandlingsreglar også orientering om tilhøvet mellom statleg styring og det kommunale sjølvstyre. Statlege styringssignal på sentrale område blir formidla i desse møtene.

Samordning av statleg tilsyn med kommunane skjer i nært samarbeid med fylkesmennene i Sør- og Nord Trøndelag. Dette er viktig fordi fleire av dei eksterne tilsynsetatane er regionalisert. Det er sett i gang arbeid med mellom anna og utarbeide ein felles tilsynskalender som alle tilsynsetatane i fylket skal nytte for sine planlagte tilsyn. Fylkesmannen har etablert eit tilsynsforum i Møre og Romsdal der både Arbeidstilsynet og Mattilsynet, og fylkesmannen sine tilsyn er med. Dette har skapt eit godt grunnlag for det vidare arbeidet med samordning.

## 2.2 Velferd, helse og personleg tenesteyting

- Helse- og sosialavdelinga i Møre og Romsdal fylke utfører særs mange av dei oppgåvene som gjeld punkt 2.2 . Det er oppdrag frå fleire departement, direktorat og frå statens helsetilsyn. Avdelinga ivaretek og oppgåvene som helsetilsynet i fylket. Det er tilsynsoppgåver, handsaming av klagesaker og utviklingsoppgåver. Vi prøver å sjå dette i samanheng- der kunnskap vi får når vi gjev råd og vegleiing til kommunar og enkeltpersonar blir brukte når vi skal planlegge tilsyn. På same vis nyttast kunnskap frå tilsynsoppgåvene og klagesaker når vi skal vegleie kommunane i å forbetre tenestene deira. Ved tilsyn identifiserast område med svikt i enkelte kommunar. Det er sannsynleg at situasjonen er ganske lik i dei fleste kommunar. For å nå flest mogleg ønsker vi å spreie erfaringane fra desse tilsyna. Mellom anna skriv vi samlerapportar og arrangerar erfaringskonferanser. Pleie- og omsorgstilsynet vart i 2006-2008 gjennomført i 10 kommunar. Etter initiativ fra ein av kommunane planleggast det ein erfaringskonferanse i mars 2009.
- I alle tenestene innafor helse og sosialområdet er det eit kontinuerleg behov for opplæring for å sikre kvaliteten på tenestene. Det er stor gjennomtrekk i ein del stillingar, mange nytilsatte og nyutdanna treng opplæring. Det er endringar i organisasjonsstruktur, der ansvar for oppgåver overførast til deler av organisasjonen og ansatte som ikkje tidligare har erfaring i det aktuelle lovverket. Å utvikle kunnskap om eige og andres ansvarsområder, og ikkje minst samhandlingen mellom desse er ein føresetnad for at brukaren skal få gode tenester.
- Dokumentasjon grunnleggande for at brukarane skal få dei tenestene dei har krav på. Sjølv om vi veit det finns mykje samarbeid med brukarane, finns dette ofte ikkje igjen i den skriftlege dokumentasjon. Verksemda har ofte ikkje overordna krav til korleis dette bør vere. For tenester der det fattast einskildvedtak ser vi stadig at det er for dårleg opplysning av ei sak og for dårlig grunngjeving for vedtaket. Dette vil igjen svekke brukaren sin rettssikkerheit.
- 2008 var siste året i den 10-årige opptrappingsplanen for psykisk helse. Betydelege midlar er tilført kommunane som øyremerka tilskot- i 2008 fikk kommunane i Møre og Romsdal tilsaman 187 millionar kroner. Evaluering av denne har vist at det framleis er områder som bør styrkast. Dette gjeld m.a for barn og pårørande av psykisk sjuke, barn og unge i risikosonen og personar med psykisk lidelse og rusproblem. Det er ein utfordring for kommunane å oppretthalde og bygge vidare på det tenestetilbodet som er bygd opp i denne perioden, og sjå dette i samanheng med andre tenester og handlingsplanar, slik som NAV, omsorgsplan 2015 og opptrappingsplanen for rusfeltet. Helsetilsynet i fylket har gjennom regionalt samarbeid i helseregionene gjennomført første del av det 2-årige landsomfattande tilsynet med spesialisthelsetnester til vaksne med psykiske lidingar.
- Omsorgsplan 2015 er i Møre og Romsdal prosjektorganisert med leiargruppa i Møre og Romsdal fylke og ein representant for KS som styringsgruppe. Dette sikrar deltaking frå alle avdelingar med oppgåver tilgrensande omsorgsplan 2015- tannhelsetenesta, utdanningsavdelinga med driftsansvar for dei vidaregåande skulane, kulturavdelinga med folkehelseseksjonen som m.a arbeidar med God Helse- partnarskap for folkehelse- , areal og miljøavdeinga med kommunaplanarbeid, regional- og næringsavdeling med kontakt opp mot høgskulane osb. Omsorgsplan 2015 går vidare med satsing på investeringstilskot for boliger med heildøgns pleie- og omsorg, demensplanen, kompetanse og ressursar. Kommunane melder at det er ei utfordring å rekruttere nok fagutdanna personale. Det er framleis eit stort antall medarbeidarar m.a. i omsorgen for dei psykisk utviklingshemma som ikkje fyller kvalifikasjonskrava. Omsorgstilboda må utviklast med tanke på dette for å dekke noværande og komande behov. Høgskulane i fylket har i 2008 starta opp ny runde med desentralisert vernepleier utdanning. Det er en nasjonal satsing at det frå 2009 skal settast i gang fagkuletilbod for ansatte i helse- og omsorgstenestene som har vidaregåande utdanning. Møre og Romsdal har pr. utgangen av 2008 ikkje fagskuletilbod innafor helse- og sosialtenestene, og det vil bli prioritert arbeid med å få oppretta fleire fagskuletilbod. 6 kommunar i fylket er med i Helse- i- plan prosjektet, to av dei med hovudfokus på omsorgsplanlegging.
- Omsorgskonferansen 2008 var særs vellukka. Det var stor oppslutnad. Fleire psykisk utviklingshemma deltok i planlegging, møteleiing og heldt innlegg, i tillegg var det fleire som deltok på sjølve konferansen.
- Møre og Romsdal fylke var medarrangør for den store nasjonale folkehelsekonferansen i Molde i september, ein erfaringskonferanse om det lokale folkehelsearbeidet dei siste åra. Konferansen samla over 350 deltakarar!

## 2.3 Oppvekst, barnehagar, utdanning og likestilling

## Tilsyn/klage på skole og barnehageområdet

### Tilsyn

### Opplæring

I løpet av dei siste tre åra har vi hatt tilsyn med alle dei 36 kommunane i fylket der temaet har vore skuleeigar sitt forsvarlege system utfrå tilpassa opplæring og spesialundervisning. I 2008 valde vi ut nokre skuleeigarar utfrå risikoanalyse og gjennomførte tilsyn med dei resterande for å få eit overblikk over stoda på området for heile fylket. Vi er i ferd med å oppsummere informasjonen vi har fått på tilsyna for å sjå om vi kan sjå samanhengar mellom organisering i kommunane og grad av styring, kompetanse i PPT og resultata i tilsynet i form av avvik.

Vi har gjennomført 10 kommuneretta tilsyn i 2008 utanom dei nasjonale tilsyna på opplæring, jf. opplæringslova §§ 13-10, 5-1 og 1-3, og 5 kommuneretta tilsyn på barnehageområdet. I tillegg har vi 3 tilsyn med private skular. Vi har også hatt nokre hendelsesbaserte tilsyn på §9a Elevens skulemiljø. Desse sakene har gjerne starta som klagesaker eller bekymringsmeldingar. Vi har brukt svært mykje tid til rettleiing/rådgivning og sakene har løyst seg slik at vi ikkje har skreve tilsynsrapport på desse forholda.

Vi har som nemnt valt ut tema og tilsynsobjekt utfrå risikovurdering i dei fleste tilsyna. Utgangspunktet har vore kostra-tal, gsi- tal, klagesaker spesialundervisning, Elevundersøkinga, nasjonale prøver og eksamen i grunnskulen, oppslag i media og kontakt frå foreldre. I løpet av 2008 har vi styrka vår kompetanse på statistikk og analysearbeid og ser store gevinstar i det i tilsyns- og rådgivningsarbeidet vårt overfor skuleeigarane.

Vi har brukt ein del tid på å oppsummere eit tilsyn som vi gjennomførte i slutten av 2007 på rett til grunnskuleopplæring for vaksne etter §4A-2 i opplæringslova.

I tillegg gjennomførte vi tilsyn med kommunar om gruppestorleik, med innsendt rapport pr 1. april 08.

Vi har også deltatt i eit prosjekt som Fylkesmannen i Sør-Trøndelag initierte og der Fylkesmannen i Nord-Trøndelag og Møre og Romsdal vart invitert med. Det var fleire samlingar og det gjekk på samordning av statlege etatar som driv kommuneretta tilsyn. Her var i tillegg til ulike avdelingar hos fylkesmannnen også deltaking frå Arbeidstilsynet og Mattilsynet. Dette har resultert i at vi har etablert kontakt og samarbeid med Arbeidstilsynet i forhold til tilsyn etter §9a om Elevens fysiske og psykososiale miljø.

Vi ser også i år at ein del kommunar slit med manglande skulefagleg kompetanse og særleg forvaltningskompetansen som gjer at kvalitetssikringsarbeidet på oppvekst og opplæringssektoren er etter vår vurdering ikkje god nok. Derfor bruker vi mykje tid på å støtte kommunane i kvalitetssikringsarbeidet gjennom telefonkontakt og møte. I tillegg har vi kalla inn den enkelte skuleeigar til særskilte møte der konkrete klage- og tilsynssaker har vore tema.

I tillegg registrerer vi at media tar opp mange saker som vi kanskje burde ha følgd opp betre. Men på grunn av kapasiteten på kontoret har vi ikkje sett oss å stand til å følgje opp dette meir. Vi vil understreke at ein del av arbeidstida til dei tilsette går med til reise i samband med tilsynsbesøk i og med at vi har eit langstrakt fylket med 36 kommunar. Vi prøver å effektivisere ressursbruken på tilsyna med t.d. å slå saman før- og opningsmøte, gjennomføre tilsyn i to kommunar på etterfølgjande dagar osv. Vi har auka ressursbruken til tilsynsverksemda på kontoret i 2008 - likevel ser vi at vi burde ha enda meir ressursar til tilsyn og til å følgje opp skuleeigarane meir med rådgivning og rettleiing.

### Barnehagar

Fylkesmannen fører tilsyn med at kommunen utfører dei oppgåvene kommunen som barnehagestyresmakt er pålagt etter barnehagelova. Fylkesmannen i Møre og Romsdal har i tilsynet i 2008 valt å sette fokus på kommunane sitt tilsyn med barnehagane. Dette inneber kommunen sitt tilsyn med både kommunale og ikkje-kommunale barnehagar i kommunen. Det er viktig at kommunen opptrer likt overfor barnehagane og at det vert stilt dei same krava til dei ulike barnehageeigarane.
Fylkesmannen har gjennomført tilsyn med fem kommunar i 2008 og systemrevisjonsmetoden er nytta for alle dei

fem tilsyna. Når det gjeld funn, viser vi til oversynet lenger bak.

**Klage**
Vi vil særleg omtale klage på spesialundervisning og kap 9A om elevens skulemiljø i denne samanhengen. For å sikre kvaliteten på den saksbehandlinga som vedkjem spesialundervisning og kap. 5 i opplæringslova, har vi i tillegg til departementet sin "Veileder", utarbeidd eit årleg "Informasjonsskriv" til kommunane/skoleeigar og PPT. I dette skrivet har vi med bakgrunn i vår klagebehandling påpeika og synleggjort dei prosedyrar og prosessar som skal sikre ei god og sikker saksbehandling. – Både "Veileder" og "Informasjonsskriv" har kvar for seg og samla vore gjennomgått og drøfta ved dei fleste "møteplassar" som vi har for skoleeigar/kommunar og PPT i fylket.

Kap. 5 i opplæringslova har også vore tema for det nasjonale tilsynet dei siste åra, slik som tilsynstema også er for 2008. Dette gir oss eit godt innsyn i kvaliteten på dei dokumenta som dannar grunnlaget for enkeltvedtak om spesialundervisning. I våre tidlegare årsrapportar har vi omtalt kvaliteten og variasjonen på desse dokumenta som svært stor, frå skole til skole og mellom kommunar.

Ved våre tilsyn har vi stendig påpeika følgjande måtar for skoleeigar/kommune å kvalitetssikre prosessen og dokumentasjonen på som vedkjem kap. 5. i opplæringslova:
- at skoleeigar/kommunen som del av si delegering av vedtaket til skolen/rektor, ser til at det er naudsynt juridisk/fagleg kompetanse på skolenivå (rektor) for å kunne gjennomføre eit enkeltvedtak.
- at ein definerer PPT sine primæroppgåver, jf. opplæringslova § 5-6, som kvalitetssikring av den dokumentasjonen som dannar grunnlaget for eit enkeltvedtak etter opplæringslova kap. 5.

På same måten som for vedtak om spesialundervisning, har vi ein del faglege og juridiske utfordringar som vedkj opplæringslova § 9A – om "Eleven sitt skolemiljø". Av dei 10 klagesakene som kom inn til oss, avgjorde vi 4 sa saker vart sendt attende for ny behandling og nytt vedtak. – Kap. 9A i opplæringslova vart gjort gjeldande april 20 Som grunnlag for å forstå og gjennomføre prosedyrar, samhandling, kommunikasjon og vedtak, så fekk vi like ett 2003 ein eigen "Veileder" til opplæringslova kap. 9A. Denne "Veileder" er framleis ikkje godt nok implementert kommunane sin kunnskap for behandling av slike saker.

I vårt vidare arbeid med kap. 9A, vil vi vektlegge kommunen sin kjennskap til den metoden, arbeidsmåtar og prosedyrar som "Veileder" omfattar. Etter vår vurdering er "Veileder" ein lett og oversiktleg skriftleggjering av den saksgang og prosedyrar som må gjennomførast ved tiltak etter opplæringslova § 9A.

Både for opplæringslova kap. 5 og kap. 9A brukar vi svært mykje tid til rettleiing av kommunar, PPT og foreldra. Mykje tid går også med til å rettleie om ny saksgang/prosedyrar ved dei sakene vi sender attende til skoleeigar/kommunen. – Vi ser fram til at det vert gjennomført nasjonalt tilsyn med opplæringslova kap. 9A-3, om "Det psykososiale miljøet", for å sette ekstra fokus på temaet og det vil kanskje vere eit steg på vegen for å "tvinge" skoleeigar/kommunen inn på ei meir forsvarleg behandling av "Elevane sitt skolemiljø".

Når det gjeld klage på standspunktkarakterar, viser vi til omtale seinare i rapporten.

## 2.4 Arealdisponering og byggjesaker

I uttalen til dei kommunale arealplanane vert det formidla stalege styringssignal i tråd med regjeringa si satsing. Arbeidet sikrar at arealplanane både innhaldsmessig og i høve saksbehandlinga ligg innafor krava i plan- og bygningslova.Vi har i 2008 delteke i dei 4 plannettverka som er etablert i fylket. Dette sikrar at dei statlege målsettingane blir prioritert.

Arbeidet i kystsonenettverka har i stor grad gått ut på å finne ut korleis ein differansiert strandsoneforvaltning kan skje. Det er kamp om det attraktive strandsonearala i alle kommunar, og i vårt fylke er presset på areala nokså likelig fordelt. Det er derfor vanskelig å peike på kommunar med meir eller mindre press på strandsona.

250 klagesaker etter plan- og bygningslova i 2008 sikrar at dei nasjonale måla i bygningspolitikken blir ivaretatt. Mange små kommunar i fylket gjer at råd og rettleiinga om statlege styringssignal, saksbehandlingsreglane og elles generelle juridiske spørsmål er vektlagt

Tilsaman behandla vi ca. 1131 innkomne plan- og dispensasjonssaker (ekspedisjonar) etter PBL i 2008. Dette er omtrent det same som i fjor. Det spesielle er at det har vore ein kraftig auke i tal reguleringssaker (opp ca. 18%) og ein tilsvarande reduksjon i tal dispensasjonssaker (ned ca. 15%). Dette er første gong vi har hatt meir plansaker enn dispensasjonssaker!

Av dei 488 dispensasjonssakene gjeld om lag 30% strandsona. Klagebehandling hos fylkesmannen (kommunal- og beredskapsavd.) er ikkje medrekna.
Ettersom plansakene er meir ressurskrevande enn dispensasjonssakene må vi konstatere at arbeidsmengda det sist året har vore relativt stor. Foreløpige tal frå NIBR om PBL-saksmengd i fylka indikerer også at Møre og Romsdal har toppa statistikken siste par åra.

**Sterk auke i motsegner**

Møre og Romsdal fylke og Fylkesmannen fremma motsegner til 107 planar (95 reguleringsplanar og 12 kommune(del)planar) mot 64 i fjor. Til ein plan kan det vere fremma fleire enkeltmotsegner ut frå ulike fagområde, slik at vi nok talar om rundt 140 enkelt- motsegner. I 12 av planane var det fremma motsegner ut frå omsyn til beredskap/samfunnstryggleik (fylkesmannen). Mange motsegner knytta til fagområda støy, fornminne og til dels beredskap m.v. er av meir "teknisk" karakter, og ca. halvparten av motsegnene omfattar slike forhold, dvs. manglande utgreiing/kartlegging i forhold til regelverket, gjerne særlov. Ca. 17 motsegner omfatta strandsona, og 11 galt landbruk. Nyare tids kulturminne 6, Barn-unge 7, og Fylkesdelplan senterstruktur/RPB 3.

På plansida må vi nok konstatere at vi totalt sett hadde ei viss innskjerping i 2008, ikkje minst på beredskap og landbruk.

5 saker er sendt departementet i 2008. Fylket/fylkesmannen var part i 3 av sakene, 2 planar galt vegkontoret. Sist fylket sende over sak som part var i 2004. Dette er uvanleg lite i forhold til aktiviteten.

**Mekling**
Meklingsaktiviteten er om lag som tidlegare. Semje i ca. halvparten av sakene.

**Nedgang i tal klager fremma av fylket**
Fylket fremma i 2008 tilsaman 8 klager på kommunale dispensasjonsvedtak, mot 23 i fjor. Den kraftige nedgangen kan delvis sjåast i samanheng med nedgangen i dispensasjonssaker, men andelen som blir påklaga har likevel falle kraftig. Av klagene galt 4 strandsona (mot 13 i fjor) – dei øvrige galt kulturminne og landbruk. Deler av nedgangen på disp.saker kan kanskje sjåast på bakgrunn av dei relativt mange klagene vi fremma i fjor – noko som har forflytta noko av konfliktene over på reguleringsnivået. Ein god del kommuneplanrevisjonar i foregåande år kan også ha medverka. Alt i alt er det ei positiv utvikling at tal dispensasjonane går ned.

## 2.5 Landbruksbasert næringsutvikling, naturressursforvaltning og miljøvern

## 2.6 Samfunnstryggleik og beredskap

Natt til onsdag 26.03.2008 kollapsa deler av fjellveggen bak bustadblokka i Fjelltunvegen 31 i Ålesund. Om lag 1400 m3 fjell glei ut og trefte bygningen med stor kraft. Dei nederste etasjane rasa heilt eller delvis saman, og heile bygningen vart skuva fleire meter utover.

Det var 20 personar i bygningen denne natta. Fem av desse omkom, truleg momentant. Ingen andre vart alvorleg skadd.

Allereie få minutt etter skredet vart det registrert gasslukt på ulykkesstaden, og det vart tidleg klart at det i bakken framfor bygningen var ein propantank, og at det i bygningen var distribusjonsanlegg for gass. Risikoen for at gasstanken eller gass som hadde leke ut skulle eksplodere gjorde redningsaksjonen endå meir utfordrande. I løpet

av føremiddagen 26.03.2008 vart eit stort område evakuert. Til saman vart nesten 500 personar evakuerte. Mange kunne flytte heim måndag 31.03.2008, og dei fleste var komne heim onsdag 02.04.2008, ei veke etter ulykka. Nokre av naboane kunne ikkje flytte heim før i september, fem månader etter ulykka.

Den første veka etter skredet pågjekk ein kompleks og utfordrande redningsaksjon. Brann i bygningen, risiko for gasseksplosjon, risiko for fleire skred frå fjellveggen, risiko for ytterlegare bygningskollaps og nødvendige omsyn til innsatsmannskapa sin tryggleik gjorde arbeidet vanskeleg og tidkrevjande. Gjennom media vart ulykka i Fjelltunvegen følgt av ein heil nasjon.

Ulykka prega fylkesmannen sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap resten av året. Under krisehandteringa hadde vi tett dialog med Politiet og Ålesund kommune, og i samarbeid med desse arrangerte vi ein erfaringskonferanse over to dagar i september. Fylkesmann Ottar Befring leia også utvalet som Kommunal- og regionaldepartementet og Justis- og politidepartementet sette ned for å gjennomgå ulykka. I tillegg til Befring var avdelingsdirektør Marit Heggstad medlem av utvalet og fylkesberedskapssjef Ketil Matvik Foldal var sekretær.

Både førsteinntrykka under krisehandteringa, evalueringskonferansen og utvalsarbeidet har fortalt oss at skredulykka i Fjelltunvegen vart handtert på ein god måte. Beredskapen fungerte. Ålesund kommune sin innsats for å ta vare på dei som på ulike måtar vart råka framstår som eit føredøme. God samhandling prega heile aksjonen, og var den viktigaste grunnen til at krisehandteringa framstår som god. Samhandlinga bygde på Politiet si gode og tydelege aksjonsleiing og lokale aktørar sin vilje og initiativ til å samarbeide og til trekkje inn ekstern fagekspertise der eigne kapasitetar ikkje var nok.

Ulykka i Fjellutnvegen fortlade også at arbeidet med førebyggande samfunnstryggleik er viktig. Både regelverk, praksis og styresmaktene si oppfølging av arealplanlegging og utbygging må innrettast slik at risiko vert avdekt så tidleg som råd.

Også i 2008 har arbeidet med fjellskred- og flodbølgjerisiko kravd stor innsats frå embetet. Planlegginga og gjennomføringa av Øving TYR-08 var ei naturleg eskalering og vidareføring av Øving SKRED året før. Frå fylkesmannen sin synsvinkel er det særleg tilfredsstillande å konstatere at nær 50 etatar og kommunar gjennom øvinga dokumenterte vilje og evne til å handtere dette scenariet på ein god og samordna måte. Politidirektoratet sin evalueringsrapport etter øvinga blir viktig i året som kjem. Rapporten gir god dokumentasjon om dei delene av beredskapen som fungerer og om moment det må arbeidast vidare med. Å legge til rette for vidare framdrift og god samordning av flodbølgjeberedskapen blir ei prioritert oppgåve i for fylkesmannen også i 2009.

Det er samstundes klart at ein operativ beredskap åleine ikkje løyser alle utfordringane som kommunar, statsetatar, næringsliv og privatpersonar er stilt overfor. Fylkesmannen har i 2008 fremja motsegn mot fleire plansaker, og vi har gått imot fleire dispensasjonssaker i fareområdet for flodbølgjer. I 2008 vart også dei første plansakene som er omfatta av desse problemstillingane oversende til Miljøverndepartementet for endeleg avgjerd. Dette, saman med at Regjeringa har iverksett arbeid med å endre det aktuelle regelverket, gir oss håp om at det i løpet av inneverande år kan kome ei tenleg avklaring på arealbrukssituasjonen langs Storfjorden – og for så vidt også for andre område som er utsett for fjellskredgenererte flodbølgjer.

Vi er glade for at NVE har fått overordna ansvar for staten si handtering av skredrisiko, og for at vi heilt frå begynnelsen har funne gode former for samarbeid. Arbeidet med fylkesROS-fjellskred har fortalt oss at det finst fleire høgrisikoobjekt enn Åkneset og Heggurdaksla i Tafjorden. Fjellet "Mannen" i Romsdalen er truleg det neste objektet som bør underleggast overvaking og beredskap, og i den samanhengen er det svært gledeleg at NVE har teke på seg å leie det forprosjektet som i løpet av første halvår 2009 skal utgreie dette spørsmålet.

Vi er framleis urolege for kraftforsyningssituasjonen i fylket, og det er uheldig at konsesjonshandsaminga av den planlagde 420 kV-linja frå Sogn til Sunnmøre trekkjer i langdrag. Etter vår vurdering er snarleg utbygging av denne linja det viktigaste tiltaket for å førebygge både samanbrot som følgje av ekstreme påkjenningar og forsyningsproblem i tørrår. Den nye linja representerer eit stort naturinngrep, men dette må vegast opp mot at linja gir meir effektiv fordeling av tilgjengeleg kraft, og behovet for nye utbyggingar (med dei konsekvensane det medfører) vert redusert. Det er også viktig at utbygginga vert gjennomført på ein slik måte at mest mogleg eksisterande nett (med lågare spenning) kan sanerast.

Arbeidet med ulykka i Fjelltunvegen og det omfattande arbeidet med fjellskred- og flodbølgjerberedskap har gjort at andre oppgåver har blitt nedprioritert. Vi har heller ikkje i 2008 hatt kapasitet til å prioritere arbeid med sektorovergripande fylkesROS. Vi står likevel trygt på dei prioriteringane vi har gjort. Sjølv om alvorlege ulykker er kostbar lærdom, er det likevel gledeleg å sjå at erfaringane både frå Bourbon Dolphin-ulykka i 2007 og skredulykka i Fjelltunvegen er med på å heve kvaliteten på den lokale kriseberedskapen. Både Sunndal kommune

(langvarig vegstenging), Stranda kommune (skred, evakuering, vegstenging) og Herøy kommune (brannulykke med fire omkomne ungdomar) fekk i løpet av 2008 vist at dei kommunale beredskapsorganisasjonane er handlekraftige, dyktige og nødvendige.

For nærare omtale av andre beredskapsoppgåver viser vi til rapportens del 3.

# Kapittel 3 - Resultatområder

## Kongehuset

### Resultatområde 00.1 Kongelige besøk

Møre og Romsdal hadde 4 besøk frå Kongehuset i 2008:

- HM Dronning Sonja - sørgegudsteneste Volsdalen kyrkje, Ålesund 29.3.2008
- HKH Kronprins Haakon - opning av Ivar Aasen-tunet i Ørsta og Norsk Dokumentarfilmfestival, Volda 30.4.2008
- HKH Kronprins Haakon - befaring Haugjegla fyr, Smøla 28.5.2008
- HM Kong Harald - vigsling av biskopi Ingeborg S Midttømme, Molde 21.9.2008.

### Resultatområde 00.2 Tildeling av ordener og medaljer

I Møre og Romsdal er det delt ut 2 St. Olavs orden, 4 Kongens fortjenstmedaljar i gull og 3 i sølv dette året.

### Ressursrapportering

På bakgrunn av forsøket med einskapsfylke i Møre og Romsdal der de ansatte er knytta til fylkesdirektørens styringslinje er ressursrapporteringa tatt med i rapporten frå Møre og Romsdal fylke.

## Miljøverndepartementet

### Resultatområde 01 Naturens mangfold og friluftsliv

#### 01.1 Bærekraftig bruk og beskyttelse av leveområder

Fylkesvise verneplaner.

Verneplan Smøla er fulgt opp i forhold til MD's saksforbedrdning. Arbeidet med Forvaltningsplanen ikke igangsatt da vernevedtaket først kom medio jan. 2009.

Verneplan Hekkende sjøfugl er fulgt opp i forhold til MD's saksforberedning.

Høring av endringer m.h.t. taretråling ikke  gjennomført da saken ikke framlagt av ansvarlig forvaltningsorgan.

Vern av  Statsskog  er sluttført og vernevedtak ble gjort  i 2008.

Forvaltningsplanen for Verdensarvområdet ,"Vest-Norske fjordlandskap - Delområde Nord" er ferdigstilt, trykket og publisert. Det er gjennomført møter lokalt for implementering av forvaltningsplanen.

### 01.2 Bærekraftig bruk og beskyttelse av arter, bestander og genressurser

De faste oppgaver utført i hht. instruks.

Hjortebestanden har hatt en betydelig økning i fylket, og det er gjennomført ulike forvaltningsrettede tiltak for økt avskyting, da særlig i kommuner/ områder hvor tettheten er særlig stor og problemer som følge av dette har vist seg tydelig. Det ble i 2008 felt omlag11000 dyr, mot ca 9000 dyr året før.

Rovviltforvaltning utført i hht. instruks.

Forvaltning av anadrom laksefisk gjennomført i hht. instruks.

Nye reguleringer i fisket ble godt mottatt blant de ulike interessegrupper. Arbeid med revidering av forskrift for fredning ved uløp av vassdrag igangsatt. Ny fredningsssone etablert for Aureelva i Sykkylven. Bestandene av laks og sjøaure er generelt sett i en negativ utvikling.

Fylket har ledet styringsgruppen for bekjemping av G. *salaris.* På grunn av sein avklaring vedr. tiltaksmidler ble det kun startet forberedende utredning i avklaring av sted for bygging av fiskeoppgangssperre i Driva. Det ble gjennomført et orienteringsmøte for grunneierne på det aktuelle sperrestedet. Fylket deltok med to personer i arbeidet med kjemisk behandling av Steinkjervassdragene.

Forvaltning av trua arter.

Fylket har opprettet samarbeid med Rindal kommune. i hht. handlingsplanen for stor salamander, og lagt kjente lokaliteter inn i Naturbasen.

### 01.3 Fremmede arter og GMOer

### 01.4 Friluftsliv

## Resultatområde 02 Bevaring av kulturminner

Utført i henhold til oppdraget.

### 02.3 Kulturmiljø

## Resultatområde 03 Rent hav og vann og giftfritt samfunn

### 03.1 Helhetlig hav- og vannforvaltning

### 03.2 Overgjødsling og nedslamming

Det er mottatt søknader om unntak fra rensekrav for de tre byene.

Akvakultursøknader behandles fortløpende med noe restanse.

Fire flyplasser har ikke fått ferdigbehandlet utslippssøknad.

03SO11 Har deltatt i landsdekkende kontrollaksjon mot store renseanlegg (Ålesund).

03SO12 Har deltatt i SFTs landsdekkende underssøkelse av kommunenes forvaltning av miljøvernforvaltningen. Arbeidet blir ikke avluttet før i februar/mars 2009.

03SO13 Vi har kontakt med kommunen i arbeidet. Venter også på revidert forskrift.

03SO14 Arbeidet med oppdatering av Forurensning er i rute.

## 03.3 Oljeforurensning

## 03.4 Miljøgifter

Arbeidet med opprydding i Ålesund havn ble satt i gang, med pålegg overfor grunneiere m.v. og oppretting av prosjektgruppe. Det gjenstår bedre finansiering av arbeidet, samt midler til en prosjektlederstilling plassert i Ålesund kommune.

Innkomne søknader om mudring og dumping blir behandla fortløpende.

Det har ikkje vore behandla søknader om opprydding av grunnforureining.

03SO16 Vi har deltatt i landsdekkande kontrollaksjon retta mot forbodet mot bruk av PCB-holdige kondensatorar og oppfølging av merka av ruter.

03SO17 Vi har fulgt opp prioriterte skipsverk med pålegg og kartlegging av spreiiing av helse- og miljøgifter. Materialet vil føreligge tidleg i 2009.

## 03.5 Avfall og gjenvinning

03SO22: Vi har deltatt i ein landsomfattande kontrollaksjon retta mot EE-avfall.

03SO23: Oppdrag om havner ble fulgt opp. Situasjonen i Møre og Romsdal er ikke tilfredsstillende, og vil sikkert bli fulgt opp som en del av ei nasjonal sak i 2009, jf 03SO24.

03SO25: 3 søknader om deponering av avfall er klar for sluttbehandling. Øvrige deponi er eller vil bli nedlagt innen 01.07.2009 of fulgt opp særskilt, jf 03SO26.

03SO28: I samarbeid med Avfallsforum Møre og Romsdal er det gjennomført 3 dagskurs for kommunar og konsulentar i fylket. ca 120 deltakere.

03SO29: Har deltatt i landsomfattande undersøking av kommunane si forvaltning av miljøvernlovgjevnga. 3 kommunar er undersøkt på forsøpling. Blir ferdig i februar/mars 2009.

# Resultatområde 04 Et stabilt klima og ren luft

## 04.1 Klimaendringer

### 04.4 Lokal luftkvalitet og støy

Bestemmelsen om støy (T-1442) blir fulgt opp ved vår behandling av kommunenes planlegging etter PBL, samt ved informasjon og møter med kommunene og plan-nettverk.

Vi har ikkje hatt kapsitet til å følgje opp regelverket om lokal luftforureining og støy.

## Resultatområde 05 Internasjonalt miljøsamarbeid og miljø i nord- og polarområdene

### 05.1 Miljøsamarbeid i internasjonale miljøfora, herunder EUs miljøsamarbeid og UNEP

### 05.2 Geografisk rettet miljøsamarbeid, herunder miljøbistand

### 05.3 Miljøsamarbeid i nord- og polarområdene

## Resultatområde 06 Panlegging for en bærekraftig utvikling

### 06.1 Ansvar for at nasjonal politikk formidles og ivaretas

Vi behandla 28 klagesaker på reguleringsplan i 2008. Sakebehandlingstida var var i samsvar med enbetsoppdraget innafor 3 månader. Det rapporteres på eget området for klagesakebehandlingen etter plan- og bygningsloven.

### 06.2 Fylkesmannen som styringsmessig bindeledd og rettssikkerhetsgarantist

Vi meiner at embetsoppdraget er fulgt opp på dette punktet. Vi gjer merksam på at vi har hatt ekstraordinære ressursar innen dette området gjennom organiseringa av Einskapsfylket. Vi har nytta omlag 4 årsverk fra fylkeskommunen i 2008. Frå 01.01.2010 vil desse gå tilbake til fylkeskommunen. FM vil då få store kapasitetsproblem, og treng tilførsle av minimum 2 heile stillingar for kunne håndtere det store talet på plansaker, dvs 1130 stk i fjor.

Oppfølginga av 6.2 er delt mellom Areal- og Miljøvernavdelinga og Kommunal- og beredskapsavdelinga, der sistnemde avdeling tar for seg funksjonen som rettsgarantist.

Det er behandla 29 klager på reguleringsplan innanfor saksbehandlingstida på 3 månader i 2008. Det er svært vareierende kompetanse på dette området i våre kommuner, og det inneber at vi brukar mykje tid og ressursar på

råd og rettleiing. Vi deltek også med råd og rettleing i dei etablerte plannettverka i fylket

### 06.3 Samordning av statlige interesser

### 06.4 Kart og geodata

## Resultatområde 07 Tverrgående virkemidler og oppgaver

### 07.2 Kunnskapsoppbygging og miljøinformasjon

### 07.3 Virkemidler og prosesser

Embetets oppfølging av vannforskriften, samt behandling av utslippssøknader for oppdrett og industri har tatt mer tid enn planlagt for personell som kan gjennomføre tilsyn. Arbeidet med tilsyn har derfor vært mindre enn ønsket i 2008. Dette har spesielt gått ut over egeninisiert tilsyn. Vi har deltatt i tre landsomfattende kontrollaksjoner. Samlet tid til kontroll i 2009 er 1.2 årsverk.

Vi har deltatt i det regionale samordningsarbeidet sammen med andre HMS-etater.

Vi har en tilfredsstillende status når det gjelder bruk og oppdatering av Forurensing. Det gjenstår en gjennomgang av alle tillatelser for å få fastsatt risikoklasse. Dette arbeidet vil skje samtidig som nye kapittel i forurensingsforskriften gjøres gjeldende, forhåpentligvis ved årsskiftet 2009/2010.

## Ressursrapportering

# Landbruks- og matdepartementet

## Resultatområde 21 Landbruksbasert næringsutvikling

### 21.1 Jordbruk

**Tapsstatistikk sau på utmarksbeite**

| Embeter | Antall sau sluppet (innen organisert beitebruk) | | % tilslutning til org. beitebruk i fylket | Tapsprosent | | Total tapsprosent | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
